

Møteprotokoll for Heradsstyret

Møtedato: 09.12.2020
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 09:00 – kl. 16:40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Asgeir Presttun	SP	Medlem
Frode Flesland	SP	Medlem
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordfører
Aksel Mjøs	H	Medlem, frå kl. 11.45i sakene 093 – 117/20
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Ole Johannes Mjøs	H	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Johannes Myklebust Bysheim	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Jørgen Varden	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Trude Tomren	MDG	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Henrik Øksnes	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Elin Hege Brumer Bratvold Lona	SV	Medlem

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Veronica Ahmer	H	Vara for Aksel Mjøs i sakene 089-092/20
Roald Åge Kleppe	SV	Elin Hege Brumer Bratvold Lona
Bjørn Tore Sund	V	Kjersti Ingolvsdotter Vevatne i sakene 089-095/20
Åshild Rød	V	Vara for K. Vevatne i sakene 095 – 117/20
Bjørn Kato Melchersen	FRP	Ellinor Therese Birkeland

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
089/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
090/20	Godkjenning av møtebok
091/20	Referatsaker og meldingar
092/20	Budsjett 2021 med økonomiplan 2021 - 2024
093/20	Framlegg om omgjerung av fritak for 500 meters regel frå køyreveg
094/20	Anmodning om busetting av flyktningar 2021
095/20	Koronatilskot til kommunale næringsfond
096/20	Val av forliksråd - klage på vedtak
097/20	Forlenging av kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2008 - 2019 til ut 2021
098/20	Endeleg godkjenning av Planstrategi for Osterøy kommune 2021-2024
099/20	Rullering av handlingsprogrammet vedr kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2021 - 2024
100/20	Vedtak om vidareføring av bygge- og deleforbod i områdeplan Lonevåg planID 46302015001
101/20	Planinitiativ til avklaring
102/20	Skredsikring Votlo. Orientering om framdrift, alternativ trase og kostnader.
103/20	Eigarskapskontroll Osterøy Utvikling AS

- 104/20 Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 - innstilling frå kontrollutvalet til heradsstyret i Osterøy kommune
- 105/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - innstilling frå kontrollutvalet til heradsstyret i Osterøy kommune
- 106/20 Spleiselag for drifta av vassområda frå 2021-2027
- 107/20 Forslag til ny samarbeidsavtale mellom deltakarkommunane og Bergen og Omland Friluftsråd
- 108/20 Framtidig organisering av Nordhordland digitalt
- 109/20 Revidering av selskapsavtale - Nordhordaland Revisjon IKS
- 110/20 Revidering av selskapsavtale - Region Nordhordaland Helsehus IKS
- 111/20 Revidering av selskapsavtale for Nordhordaland Utviklingsselskap IKS
- 112/20 Eldrerådet - suppleringsval for perioden 2019 - 2023
- 113/20 Val av medlemmer til ungdomsrådet og val av representant frå heradsstyret
- 114/20 Innstillingsrett og delegeringsreglement. Reglement for formannskap og utval. Reglement for handsaming av spørsmål om gildskap. Reglement for innsyn.
- 115/20 Framlegg til endring av struktur i reglement
- 116/20 Oppdatering av økonomireglement
- 117/20 Interpellasjon om sikring av Bruvikvegen

089/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

09.12.2020 HERADSSTYRET

Bjarte Aarland, KRF, påpeika sein melding om endra tidspunkt for møtestart.

Alf T. Mortensen, FRP, tok opp talet på saker og at ca. 25% av sakene kjem til siste møtet, og oppmoda om å få til ei betre fordeling av sakene til møta. Møte på dagtid medfører høgare kostnader.

Ordføraren, viste til ønske frå formannskapet om å halda budsjettmøtet på dagtid.

Det var elles ikkje merknader til innkalling og saksliste.

HS - 089/20 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

090/20: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå vert godkjend.

09.12.2020 HERADSSTYRET

Alf T. Mortensen, FRP, viste til ordføraren si orientering til heradsstyret om motteke varsel om mogeleg korrupsjon, og at dette ikkje er teke med i protokollen.

Det var ikkje andre merknader til utsende protokollar.

HS - 090/20 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 28.10.20 og 20.11.20 vert godkjende.

091/20: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

09.12.2020 HERADSSTYRET

RS 1: Møteplan 2021 -

Alf T. Mortensen, FRP, viste til at det berre er lagt inn 5 ordinære heradsstyremøte, og at det bør setjast opp fleire.

AVRØYSTING - ta framlegget opp til handsaming

Framlegget fall med 20 røyster (5SP,4AP,4H,1V,3KRF,1MDG,2SV) mot 7 røyster (7 FP)

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - 091/20 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

092/20: Budsjett 2021 med økonomiplan 2021 - 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Budsjett for 2021, økonomiplan 2021-2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert lagt fram til drøfting på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter

04.11.2020 FORMANNSKAPET

Til møtet blei følgjande dokument lagt ved i saken:

- Spørsmål frå Hjalti H. Gislason datert 01.11.20 med svar frå økonomisjefen
- Brev frå Fotlandsvåg FAU, grenderåd og LivOGlyst, sendt pr epost 04.11.20
- Brev frå ein reinhaldar sendt pr epost 29.10.20
- Brev frå dei tilsette i Valestrand barnehage, sendt pr epost 03.11.20

Økonomisjefen møtte i saka. Han presenterte budsjett for 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Sektorleiar for helse, omsorg og sosial og sektorleiar for oppvekst, skule og kultur var også til stades for å kunne svare på spørsmål for sin sektor.

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak - Samrøystes vedteke

FS - 088/20 VEDTAK:

Budsjett for 2021, økonomiplan 2021-2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert lagt fram til drøfting på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter

12.11.2020 ELDRERÅDET

I starten av møtet vart det halde ei felles orientering for Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om framlegg til budsjett 2021. Orienteringa var ved rådmannen. Det var høve til å stilla spørsmål i tilknytning til orienteringa.

Aksel Låstad, RFF, tok opp spørsmål om forslag til kutt i fysioterapi og moglege rettsak som følgje av dette.

Rådmannen, viste til at denne tenesta har fleire årsverk enn det er i andre samanliknbare kommunar, medan Osterøy har færre legeårsverk enn andre i h.t. til innbyggjartalet. Utfallet av ei mogeleg retts sak kan ein ikkje vita. Fysioterapeutar kan og driva utan driftstilskot. Å fjerna foreslåtte kutt inneber at ein må kutta meir på andre område.

Rådmannen viste til at ein burde ha kutta meir, då budsjettet framlegget er saldert ved bruk av fondsmidlar.

Ove Kleiveland, ER, viste til at slik budsjettet ligg føre no vil det behov for ytterlegare bemanningsreduksjonar skal ein unngå at situasjonen blir verre i 2022.

Eldrerådet si handsaming:

Etter drøftingar slutta vedtok Eldrerådet samrøystes å gje slik uttale:

"Eldrerådet tek framlegget til budsjett 2021 til etterretning. I det vidare budsjettarbeidet med kutt og bemanningsreduksjonar ber ein om at tenester til eldre og pleietrengande vert skjerma mot kutt så langt det er råd."

ELD - 021/20 VEDTAK:

Uttale frå Eldrerådet:

"Eldrerådet tek framlegget til budsjett 2021 til etterretning. I det vidare budsjettarbeidet med kutt og bemanningsreduksjonar ber ein om at tenester til eldre og pleietrengande vert skjerma mot kutt så langt det er råd."

12.11.2020 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Etter drøftingar slutta vedtok råd for menneske med nedsett funksjonsevne samrøystes å gje slik uttale:

"Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber rådmannen generelt teke bort minst mogleg av det som røre ved tenester til dei som treng det mest. Spesielt tilrår ein å ikkje kutte ned på fysioterapitenesta, då det her allereie ikkje er godt nok teneste tilbod og lange ventelister."

RFF - 017/20 VEDTAK:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber rådmannen generelt teke bort minst mogleg av det som røre ved tenester til dei som treng det mest. Spesielt tilrår ein å ikkje kutte ned på fysioterapitenesta, då det her allereie ikkje er godt nok teneste tilbod og lange ventelister.

25.11.2020 FORMANNSKAPET

Roar Moen, leiar Bergen kirkelige fellesråd, og Edvin Bratli, kyrkjeverje for Osterøy kyrkelege fellesråd, møtte og la fram sak for formannskapet.

Økonomisjef møtte i saka. Han presenterte siste oppdaterte budsjett for 2021 og økonomi plan for 2021-2024

Johannes M. Bysheim, AP, gjorde slikt felles framlegg på vegne av AP, H, SV og SP: "1:
Framlegget om å flytta elevar frå Fotlandsvåg og Haus skular vert ikkje gjennomført
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar
For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja inn i sektoren OUK.

2:
Framlegget om å fasa ut lærlingeordninga i Osterøy kommune vert ikkje gjennomført.
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert å dekkja inn i dei sektorane som har lærlingar.

3:
Det vert løyvd ein million kroner til satsing på næringsutvikling kvart år i økonomiplanen. I kva form dette skal gjennomførast vert vedteke etter at rapport frå pågåande prosjekt er handsama i Heradstyret over nyttår.
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar
For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja ved å trekkje ned ramma for kvar sektor, fordelt forholdsmessig etter totalramma til sektorane."

Ragnar Tyssbotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt budsjett vert vedteke med følgjande endringar:

Rammer fordelt på sektorane vert som følgjer:
Rådmann/Stab 38,7 millioner
Oppvekst, undervisning og kultur 200 millioner
Helse, omsorg og sosial 205, 524 millioner
Samfunnsutvikling 47 millioner

Vidare vert følgjande endringar lagt inn:

- Skulestruktur vert oppretthalde som i dag. Fotlandsvåg og Haus skular vert ikkje gjort om til oppveksttun.
- Det vert ikkje gjort endringar i lærlingeordninga.
- Alle vakansar som kjem, vert som hovudsak trekt inn. Oppgåver utførast av eksisterande ressursar. Om naudsynt ved forflytning. Dersom rådmannen vurderer at stillinga må fyllast gjennom nyttilsetjing, skal dette grunnjevast.
- Administrasjonen rapporterer om den økonomiske utviklinga til formannskap og heradstyre i kvart møte fram til nytt vedtak vert fatta.

Vidare rår formannskapet til at Heradstyret vedtek å opprette eit prosjekt som skal arbeide raskt og målretta med å finne potensiale for å få drifta i balanse innanfor dei rammer som er sett i budsjettet. Målsetjinga er at kommunen skal kunne gå med overskot i drifta i rekneskapsåret 2022.

Prosjektet får namnet Osterøy 2022.

- Det vert vald til saman 5 heradstyrerepresentantar til å sitje i prosjektgruppa. Rådmannen er fast medlem utan røysterett, og kan ha med dei frå staben som til ei kvar tid er naudsynt for å sikre god

framdrift i arbeidet. Rådmannen er ansvarleg for å bringe fram informasjon som er naudsynt for at gruppa kan ta stode til dei ulike forslaga dei kjem med.

- Hovudmålet for arbeidet skal være å ha eit best mogeleg tenestetilbod for innbyggjarane, og samstundes syte for naudsynte tiltak som sikrar at drifta går i balanse. Lovpålagte tenester skal prioriterast innanfor dei rammer som lova krev.

- Tiltak for å halde budsjettamme vert utarbeida av prosjektgruppa for Osterøy 2022 og gruppa legg fram tiltaksliste som eiga sak for vedtak i formannskap/heradstyret frå og med første formannskap/heradstyremøte 2021 og i kvart møte fram til utgangen av 2022.

- Rapport frå Telemarksforskning, KOSTRA tal, hovudrekneskap frå 2016 og framover, organisasjonskart, kommunedelplanar med meir er arbeidsdokument som skal leggest til grunn for å spore potensiale og styre tiltaka mot eit betre tenestetilbod. Lista er ikkje uttømmende.

- Medverknad frå tilsetteorganisasjonar skal sikrast etterkvart som forslag vert konkretiserte jfr Arbeidsmiljølova §§ 8-1, 8,2 med fleire.

Gruppa skal altså freiste å finne potensiale for vidare drift. Rapport frå Telemarksforskning, KOSTRA, med meir syner at det ligg eit potensiale i drifta vår. Som påpeika før, er det mange småsummar og små overforbruk som til saman gjev ein trang situasjon. Lista under er ikkje uttømmende, men det kan være fornuftig å sjå på mellom anna følgjande område for sektorane:

Rådmann/stab:

- Felles IKT kostnader har gått opp med 44% sidan rekneskap 2019. Kjøper med ei rette tenestene? Har me rette lisenser? Kan brukarspesifikke lisensar leggest inn i sektorane for å syne driftsutgifter der dei høyrer heime?

- Rapport frå Telemarksforskning syner at me bruker svært mykje på administrasjon i kommunen. Noko er nok ført på sektorar, men me må uansett vurdere nivået på leiinga i kommunen. (gjeld ALLE sektorar, men naturleg å legge kommentaren her)

- Kan me auke antal lærlingar for å sikre god rekruttering?

- Er me på rett lønsnivå og rett struktur i leiar og mellomleiar nivå til å sikre godt leiarskap, eller er det for mange nivå slik at ansvar vert «pulverisert» før det kjem ut?

- Kan tekniske løysingar redusere behovet for ansetteressursar?

- Husleigeavtalar. Er avtalane naudsynte? Kan me finne rimelegare løysingar i hovudsak eigne bygg?

- Slå saman einingar? Til dømes sjukeheim, Heimetenesta og bufellesskap? Andre?

- Pensjonsavtalar. Vurdere anbod på dette frå 2022. gjeld alle einingar.

Samfunnsutvikling:

- Brannsamarbeidet framstår som kostbart i høve til KOSTRA/Telemarksforskning. Her er ein auke på nokså mykje dei siste åra. Reforhandle avtalen? Undersøkje pris på samarbeid med anna branneining og vurdere dette?

- Er bygningsmasse rett i høve til tenesteytinga me skal drive med? Kan me selge unna ein del kommunal eigedom?

- Dersom ja: Redusere ressursbruken til vedlikehald? Til reinhald? Til leiing?

- Er det rett organisering til å sikre ein effektiv arbeidskvardag?

- Kan me vurdere å konkurransesette noko av drifta?

- Kan me kjøpe heile eller deler av tenester til Plan, landbrukstenester, brannførbyggjande arbeid med meir?

- Kan tekniske løysingar redusere behovet for ansatteressursar?

Helse, Omsorg og Sosial:

- Yter me tenester som me ikkje får refusjon for? Vurdere å redusere tilbod til eit nivå som er i samsvar med refusjonar.
- Kan me auke ATA tid noko? Det vil kunne gje ein stor gevinst om køyreruter vert lagt opp slik at ATA tid er mogleg å forbetre.
- Er organiseringa i dag optimal? Tilbyr med ei beste arbeidstilhøva og sikrar me ein effektiv arbeidskvardag?
- Er bruken av vikarar naudsynt å ha slik den er i dag?
- Er bemanninga rett? Rapportar viser oss at me gjerne er noko høg i bemanning. Kva tiltak kan me setje inn for å betre arbeidssituasjonen og samstundes gjere arbeidsdagen meir effektiv?
- Har me rett organisering og bemanning i Bu og avlastingstenesta? Er tenesta utforma slik at me har optimal tenesteproduksjon i høve til ressursbruk? Kan me vurdere innføring av LEAN eller tilsvarende system (organiseringmodell og styringsmodell) modellen slik enkelte kommunar har gjort, og industrien har lang erfaring med.
- Kan tekniske løysingar redusere behovet for ansatteressursar?
- Har me rett bustadstruktur for BUA?
- Vurdere konkurranseutsetjing av deler av drifta i sektoren.
- KAN ME FRAMSKUNDE OMSORG PLUSS? Kan dette prosjektet gjennomførast som ei «samspelsentreprise»?
- Tekniske hjelpemiddel? E-helse?

Oppvekst, Undervisning og kultur:

- Har me rett bemanning til å sikre lovpålagte tenester og drive etter dei rammer som lova set?
- Det er gjort kjent at me ligg høgt på undervisningsårsverk i kommunen. Kan me organisere drifta betre slik at me får frigjort ressursar? Kan deler av desse ressursane nyttast betre jfr Kommundelplan for oppvekst?
- Har me rett struktur på barnehagane? Er ressursane der dei trengs?
- Kan tekniske løysingar redusere behovet for ansatteressursar?
- Kan deler av barnehagane driftast av private?
- Kan private aktørar tenkje seg å byggje nye barnehagar der det trengs?"

Johannes M. Busheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Investeringsbudsjett post 1252:

Posten vert endra frå «Utviding Hauge barnehage» til «Utviding av kapasitet i barnehage»

Kvar midlane skal nyttast vert bestemt etter at det Heradsstyret er førelagt ein analyse av framtidig kapasitetsbehov i barnehagane."

AVRØYSTING:

Alternativ avrøysting:

Rådmann sitt framlegg med slike endringar som foreslått frå AP, H, SV og SP - 7 røyster
(2AP, 2SP, 1H, 1KRF, 1SV)

Rådmann sitt framlegg med slike endringar som foreslått frå FRP - 2 røyster
(FRP)

Normal avrøysting:

Johannes M. Bysheim, AP, sitt framlegg - vedteke med 8 røyster
(2AP, 2FRP, 2SP, 1KRF, 1SV) mot 1 røyst (H).

Budsjett leggst med dette ut på høyring

FS - 098/20 VEDTAK:

Budsjett for 2021, økonomiplan 2021-2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert lagt fram til drøfting på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter, med slike endringar

1:

Framlegget om å flytta elevar frå Fotlandsvåg og Haus skular vert ikkje gjennomført
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar
For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja inn i sektoren OUK.

2:

Framlegget om å fasa ut lærlingeordninga i Osterøy kommune vert ikkje gjennomført.
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert å dekkja inn i dei sektorane som har lærlingar.

3:

Det vert løyvd ein million kroner til satsing på næringsutvikling kvart år i økonomiplanen. I kva form dette skal gjennomførast vert vedteke etter at rapport frå pågåande prosjekt er handsama i Heradstyret over nyttår.
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar
For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja ved å trekkje ned ramma for kvar sektor, fordelt forholdsmessig etter totalramma til sektorane.

4.

Investeringsbudsjett post 1252:

Posten vert endra frå «Utviding Hauge barnehage» til «Utviding av kapasitet i barnehage»
Kvar midlane skal nyttast vert bestemt etter at det Heradsstyret er førelagt ein analyse av framtidig kapasitetsbehov i barnehagane.

09.12.2020 HERADSSTYRET

Ordføraren gjorde slikt framlegg: "Det vert innført taletid i saka i samsvar med utsendt forslag i e-post datert 04.12.20.

AVRØYSTING - taletid

Framlegget vart vedteke med 21 røyster (5SP,1V,1MDG,3KRF,2SV,4AP,4H,1FRP) mot 6 røyster (6FRP)

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "1. Rådmannen sitt budsjett vert vedteke med følgjande endringar:

Rammer fordelt på sektorane vert som følgjer:

Rådmann/Stab 38,7 millioner

Oppvekst, undervisning og kultur 200 millioner

Helse, omsorg og sosial 205, 524 millioner

Samfunnsutvikling 47 millioner

Vidare vert følgande endringar lagt inn:

- Skulestruktur vert oppretthalde som i dag. Fotlandsvåg og Haus skular vert ikkje gjort om til oppveksttun.
- Det vert ikkje gjort endringar i lærlingeordninga. Oppgåver utførast av eksisterande ressursar. Om naudsynt ved forflytning. Dersom rådmannen vurderer at stillinga må fyllast gjennom nyttilsetjing, skal dette grunngjevast.
- Administrasjonen rapporterer om den økonomiske utviklinga til formannskap og heradstyre i kvart møte fram til nytt vedtak vert fatta.

- Alle vakansar som kjem, vert som hovudsak trekt inn. Oppgåver utførast av eksisterande ressursar. Om naudsynt ved forflytning. Dersom rådmannen vurderer at stillinga må fyllast gjennom nyttilsetjing, skal dette grunngjevast

2. Heradstyret vedtek å opprette eit prosjekt som skal arbeide raskt og målretta med å finne potensiale for å få drifta i balanse innanfor dei rammer som er sett i budsjettet. Målsetjinga er at kommunen skal kunne gå med overskot i drifta i rekneskapsåret 2022.

Prosjektet får namnet Osterøy 2022.

- Det vert vald til saman 5 heradstyrerepresentantar til å sitje i prosjektgruppa. Rådmannen er fast medlem utan røysterett, og kan ha med dei frå staben som til ei kvar tid er naudsynt for å sikre god framdrift i arbeidet. Rådmannen er ansvarleg for å bringe fram informasjon som er naudsynt for at gruppa kan ta stode til dei ulike forslaga dei kjem med.
- Hovudmålet for arbeidet skal være å ha eit best mogeleg tenestetilbod for innbyggjarane, og samstundes syte for naudsynte tiltak som sikrar at drifta går i balanse. Lovpålagte tenester skal prioriterast innanfor dei rammer som lova krev.
- Tiltak for å halde budsjetttramme vert utarbeida av prosjektgruppa for Osterøy 2022 og gruppa legg fram tiltaksliste som eiga sak for vedtak i formannskap/heradstyret frå og med første formannskap/heradstyremøte 2021 og i kvart møte fram til utgangen av 2022 eller så lenge det trengs.
- Rapport frå Telemarksforskning, KOSTRA tal, hovudrekneskap frå 2016 og framover, organisasjonskart, kommunedelplanar med meir er arbeidsdokument som skal leggast til grunn for å spore potensiale og styre tiltaka mot eit betre tenestetilbod. Lista er ikkje uttømmmande.
- Medverknad frå tilsetteorganisasjonar skal sikrast etterkvart som forslag vert konkretiserte jfr Arbeidsmiljølova §§ 8-1, 8,2 med fleire."

Framlegget del 2 vart trekt før avrøysting, jfr. nytt framlegg, jfr. nytt framlegg.

Lars Fjeldstad, SP, gjorde slikt framlegg om nytt punkt: "Midlar avsett til kulturprisen 2021 (kr 10 000) vert omdisponerte og tildelt Høgafjellet Sør Grunneigarlag sitt prosjekt med å reparere Blomdalsvegen/Høgaløypet."

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt framlegg: KrF støttar posisjonen (Sp, H, Ap og SV) sitt framlegg til budsjett med følgande endring: Ressursar til næringsutvikling i 2021 – 1 mill. kr – vert søkt henta gjennom ekstraordinært utbyte frå det heileigde selskapet Osterøy Utvikling (m.a. etter sal av eigedomar i Haus våren 2021).

Det vert ikkje tilsett ein ekstra avdelingsleiarstilling i helse og omsorg i 2021. Dei administrative funksjonane i sektoren vurderast ikkje som rommelege, men tilstrekkelege slik dei er. Ramma til Helse og omsorg vert redusert med omlag 750.000 kr.

I sum vil desse tiltaka sikre vidareføring av drifta ved skulane i Haus og Fotlandsvåg og redusere risiko knytt til bruk av statlege midlar til kompensasjon for ekstraordinære tiltak i samband med

koronapandemien."

Framlegget vart trekt før avrøysting, jfr. nytt framlegg.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 10.20 - kl. 10.35 med gruppemøte for alle gruppeleiarane.

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt framlegg: "KrF støttar posisjonen (Sp, H, Ap og SV) sitt framlegg til budsjett med følgande endring: Ressursar til avsett til næringsutvikling i 2021 – 1 mill. – vert i 2021 søkt dekkja inn gjennom ekstraordinært utbyte frå det heileigde selskapet Osterøy Utvikling (m.a. etter sal av eigedomar i Haus våren 2021).

Det vert ikkje tilsett ein ekstra avdelingsleiarstilling i helse og omsorg i 2021. Dei administrative funksjonane i sektoren vurderast ikkje som rommelege, men tilstrekkelege slik dei er. Ramma til Helse og omsorg vert redusert med omlag 750.000 kr.

I sum vil desse tiltaka sikre vidareføring av drifta ved skulane i Haus og Fotlandsvåg og redusere risiko knytt til bruk av statlege midlar til kompensasjon for ekstraordinære tiltak i samband med koronapandemien."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 10.40 - kl. 10.50 med gruppemøte for FRP og frå kl. 10.50 - kl. 11.20 med gruppemøte for alle gruppeleiarane.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Heradstyret vedtek å opprette eit økonomiutval som skal arbeide raskt og målretta med å finne potensiale for å få drifta i balanse innanfor dei rammer som er sett i budsjett og økonomiplan. Målsetjinga er at kommunen skal kunne gå med overskot i drifta i rekneskapsåret 2022.

- Formannskapet vel medlemmer til utvalet i første møte i 2021.

- Hovudmålet for arbeidet skal være å ha eit best mogeleg tenestetilbod for innbyggjarane, og samstundes syte for naudsynte tiltak som sikrar at drifta går i balanse.

Medverknad frå tilsetteorganisasjonar skal sikrast etterkvart som forslag vert konkretiserte jfr Arbeidsmiljølova §§ 8-1, 8,2 med fleire.

Alf T. Mortensen, FRP, framlegg om endring i investeringsbudsjettet. "Ramme for investeringar vert halde som føreslege i rådmannen sitt framlegg. Midlane vert delt ut etter eigne saksframlegg for kvart prosjekt og etter søknad til formannskap eller heradstyret. Formannskap kan godkjenne investeringar inntil 2 millionar så lenge dette ikkje går ut over totalramme vedteke av heradstyret. Investeringsprosjekt over 2 millionar vert å leggje fram for Heradstyret før investeringa kan ta til. Investeringsoversyn med prioriteringsrekkefølge vert å leggje fram for Heradstyret for handsaming i første HS møte i 2021."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Formannskapet si innstilling	-	20 røyster (5SP,4H,2SV,4AP,3KRF,1MDG,1V)
Frp sitt framlegg	-	7 røyster (7FRP)

Endringsframlegg:

Lars Fjeldstad, SP, sitt framlegg - samrøystes vedteke

Alf T. Mortensen, FRP, inntrekking av vakansar - fall med 17 røyster
(5SP,4AP,2SV,1MDG,3KRF,2H)
mot 10 røyster (2H,1V,7 FRP)

Alf T. Mortensen, FRP, sitt framlegg om økon.rapportering
- vedteke med 26 røyster (5SP,4AP,2SV,1MDG,1V,2KRF,4H,7FRP)
mot 1 røyst (1KRF)

Alf T. Mortensen, FRP, sitt framlegg, investeringar	-	
- vedteke med 16 røyster (7FRP, 4H,1V,4SP)		
mot 11 røyster (4AP,2SV,3KRF,1MDG,1SP)		
Jarle Skeidsvoll, KRF, sitt endringsframlegg	-	samrøystes vedteke
		(5SP,1V,1MDG,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)
Alf T. Mortensen, FRP, sitt framlegg om økon. utval	-	samrøystes vedteke
		(5SP,1V,1MDG,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)

AVRØYSTING - endeleg

Formannskapet si innstilling med slike endringar som vedteke i møtet	-	samrøystes vedteke
		(5SP,1V,1MDG,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)

HS - 092/20 VEDTAK:

"Budsjett for 2021, økonomiplan 2021-2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl budsjettokument og hovudoversikter, formannskapet si innstilling og med slike endringar som vedteke i heradsstyret.

Driftsrammer for 2021:

Alle tall i tusen

Midlar til fordeling (frå 1A)	481 544
Midlar til fordeling (frå 1A)	481 544
Rådmannen/stabsseksjonar	39 937
Oppvekst, undervisning og kultur	203 940
Helse, omsorg og sosial	217 815
Samfunnsutvikling (eks sjølvkost)	49 069
	-
Sjølvkostområda (gebyrfinansiert)	(9 000)
	-
	-
Sum inkl sjølvkost	501 761
	-
Sentrale postar	(13 840)
Lønsreserve	12 000
Sum skjema 1B	499 921
	-
Meir-/mindreforbruk	(18 377)
	-
Sektorane inkl lønsreserve	522 761

Sentrale postar:	
Kyrkja	(4 800)
Mva-komp	12 400
Pr.avvik	14 200
Div -Korona utgifter	(7 960)
sum	13 840

Underskot på kr. 18 377 000,- er budsjettert dekket inn ved hjelp av disposisjonsfond og bundne driftsfond.

Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssettsar og vederlag vert auka med 3 % frå 01.01.20 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.

Føresegner for tømning av slamavskiljarar, tette tankar m.v. for Osterøy kommune vert, i medhald av Lov av 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall(Forureinsingslova) § 26, 3. ledd, § 30, 2. og 3. ledd og §34, endra i tråd med vedlagde framlegg datert 13.11.2018, gjeldande frå 01.01.2019.

Med verknad frå 01.01.2021 vert gebyr- og avgiftssatsane innan dei tekniske tenestene vatn, avlaup, slam, og feiing (sjølvkost) endra/fastsett i tråd med vedlagte dokument: «Framlegg til gebyr Tekniske tenester 2021»

Gebyrsatsane for tekniske forvaltningstenester vert endra/fastsett frå 1.1.21 i tråd med vedlagte dokument: «Gebyrregulativ 2021 Plan-teknisk forvaltning - framlegg».

Renovasjonsgebyr.

- Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå hushaldning.**
- Prisen på renovasjonstenesta for 2021 vert sett opp med 5,0 %, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einstilte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra. Kommunal påslag vert sett til kr 15.**
- Osterøy kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med vedlagte prismatrise i dokumentet: Renovasjonsgebyr Osterøy kommune 2021.**

Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris). Frå 01.08.21 fell tilbodet om 4 dagers plass bort.

Betalingssettsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik frå 01.01.2021.:

- | | |
|----------------------------|-------------------------------|
| 1. Mindre enn 9 timar veke | kr.1 500 (auker med kr.50,-) |
| 2. 9-15 timar veke | kr.1 800(auker med kr.50,-) |
| 3. Meir enn 15 timar veke | kr.2 100 (auker med kr.50,-) |

Betalingssatsane for Skulefritidsordning (SFO) vert slik frå 01.08.2021.:

- | | |
|----------------------------|--------------------------------|
| 1. Mindre enn 9 timar veke | kr.1 700 (auker med kr.200,-) |
| 2. 9-15 timar veke | kr.2 000(auker med kr.200,-) |
| 3. Meir enn 15 timar veke | kr.2 300 (auker med kr.200,-) |

Brukarbetaling for kulturskulen vert sett til kr 4 430 pr år (uendra).

Fribeløp og eigendelar for kommunale helse- og omsorgstenester vert fastsett i samsvar med I-rundskriv for 2021 frå helse- og omsorgsdepartementet.

Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2021 vert kr 82,4 millionar, herav sjølvkostlån kr 20,95 millionar.

Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 8 millionar.

Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna rådmannen finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2021.

1. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).
2. Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,0 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.
3. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.
4. Det vert nytta formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdiar ligg føre.
5. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.

Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjettrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.

Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.

Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.

Budsjettramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 4,8 millionar.

Tilleggspunkt/endingar :

1. Framlegget om å flytta elevar frå Fotlandsvåg og Haus skular vert ikkje gjennomført. Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar. For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja inn i sektoren OUK.

2. Framlegget om å fasa ut lærlingeordninga i Osterøy kommune vert ikkje gjennomført. Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert å dekkja inn i dei sektorane som har lærlingar.

3. Det vert løyvd ein million kroner til satsing på næringsutvikling kvart år i økonomiplanen. I kva form dette skal gjennomførast vert vedteke etter at rapport frå pågåande prosjekt er handsama i Heradstyret over nyttår. Ressursar til avsett til næringsutvikling i 2021 – 1 mill. – vert i 2021 søkt dekkja inn gjennom ekstraordinært utbyte frå det heileigde selskapet Osterøy Utvikling (m.a. etter sal av eigedomar i Haus våren 2021).

For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja ved å trekkje ned ramma for kvar sektor, fordelt forholdsmessig etter totalramma til sektorane.

4. Det vert ikkje tilsett ein ekstra avdelingsleiarstilling i helse og omsorg i 2021. Dei administrative funksjonane i sektoren vurderast ikkje som rommelege, men tilstrekkelege slik dei er. Ramma til Helse og omsorg vert redusert med omlag 750.000 kr.

I sum vil desse tiltaka (i pkt. 3 og pkt. 4) sikre vidareføring av drifta ved skulane i Haus og Fotlandsvåg og redusere risiko knytt til bruk av statlege midlar til kompensasjon for ekstraordinære tiltak i samband med koronapandemien.

5. Midlar avsett til kulturprisen 2021 (kr 10 000) vert omdisponerte og tildelt Høgafjellet Sør Grunneigarlag sitt prosjekt med å reparere Blomdalsvegen/Høgaløypet.

6. Investeringsbudsjett post 1252:

1. Posten vert endra frå «Utviding Hauge barnehage» til «Utviding av kapasitet i barnehage». Kvar midlane skal nyttast vert bestemt etter at det Heradsstyret er førelagt ein analyse av framtidig kapasitetsbehov i barnehagane.

2. Ramme for investeringar vert halde som føreslege i rådmannen sitt framlegg. Midlane vert delt ut etter eigne saksframlegg for kvart prosjekt og etter søknad til formannskap eller heradstyret. Formannskapet kan godkjenne investeringar inntil 2 millionar så lenge dette ikkje går ut over totalramme vedteken av heradstyret. Investeringsprosjekt over 2 millionar vert å leggje fram for Heradstyret før investeringa kan ta til. Investeringsoversyn med prioriteringsrekkefølge vert å leggje fram for Heradstyret for handsaming i første HS møte i 2021.

Generelt:

Administrasjonen rapporterer om den økonomiske utviklinga til formannskap og heradstyre i kvart møte fram til kommunen er kome av ROBEK lista.

Heradstyret vedtek å opprette eit økonomiutval som skal arbeide raskt og målretta med å finne potensiale for å få drifta i balanse innanfor dei rammer som er sett i budsjett og økonomiplan. Målsetjinga er at kommunen skal kunne gå med overskot i drifta i rekneskapsåret 2022.

Formannskapet vel medlemmer til utvalet i første møte i 2021.

Hovudmålet for arbeidet skal være å ha eit best mogeleg tenestetilbod for innbyggjarane, og samstundes syte for naudsynte tiltak som sikrar at drifta går i balanse.

Medverknad frå tilsetteorganisasjonar skal sikrast etterkvart som forslag vert konkretiserte jfr Arbeidsmiljølova §§ 8-1, 8,2 med fleire."

Aksel Mjøs, H, kom til møtet etter sak 092/20 – Veronica Ahmer, H, gjekk frå møtet – 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

093/20: Framlegg om omgjerung av fritak for 500 meters regel frå køyreveg

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fritak for eigedomsskatt etter vedtak 009/007 (regelen om 500 frå køyreveg) blir omgjort og tatt vekk

25.11.2020 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

114/20: Innstillingsrett og delegeringsreglement. Reglement for formannskap og utval. Reglement for handsaming av spørsmål om gildskap. Reglement for innsyn.

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Reglement for delegering av mynde til rådmannen vert vedteke slik det går fram i vedlegg til saka.

Oppdaterte reglement for heradsstyret, formannskapet, plan- og kommunalteknisk utval og administrasjonsutvalet vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg til saka.

Oppdaterte reglement for innsyn i saksdokument og handtering av spørsmål om gildskap for folkevalde vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlegg saka.

Oppdatert reglement for delegering av mynde frå heradsstyret til formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval vert godkjende slik det ligg føre i vedlegg til saka.»

04.11.2020 FORMANNSKAPET

FS - 091/20 VEDTAK:

Reglement for delegering av mynde til rådmannen vert vedteke slik det går fram i vedlegg til saka.

Oppdaterte reglement for heradsstyret, formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg til saka.

Oppdaterte reglement for innsyn i saksdokument og handtering av spørsmål om gildskap for folkevalde vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlegg saka.

Oppdatert reglement for delegering av mynde frå heradsstyret til formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval vert godkjende slik det ligg føre i vedlegg til saka.

09.12.2020 HERADSSTYRET

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slike framlegg om tillegg/endingar: I reglement for heradsstyret:

- Fyrste ledd, nest siste setning i §10 i reglementet gjev alt § 7: Endra første ledd, siste setning frå Avrøysting om lukking av møtet skal skje i ope møte.

til:

Avrøysting om lukking av møtet skal skje i ope møte, og heimelen for avgjerda skal opplysast i ope møte før avrøystinga.

Grunngjeving: Endringa vil gjere møtedeltakarane medvitne om kva heimel er brukt til å lukka møtet, og gjere det klart for presse, tilhøyrarar i salen, og dei som fylgjer med på den direktesende straumen kvifor møtet vert lukka og sendinga slått av."

2. Tillegg til § 10: Sak som står på saklista til møtet kan berre trekkjast av møteleiaren dersom eit alminnelig fleirtal av dei frammøtte representantane er for dette, jfr. kommunelova §11-3, fjerde ledd.

Grunngjeving: Dette er berre ei tydeleggjering av kommunelova og etablert praksis i heradsstyremøta.

3. Tillegg til § 10 Sak som står på saklista til møtet men alt er avgjort, kan handsamast på nytt i same møte dersom møteleiaren eller eit alminnelig fleirtal av dei frammøtte representantane er for dette, jfr. kommunelova §11-12.

Grunngjeving: Dette vil slå fast etablert praksis i heradsstyret. Kommunelova seier ikkje noko direkte om denne arbeidsmåten men praksisen har vore brukt når det viser seg at ein eller fleire representantar har funne ut at dei har røysta feil i ei sak tidlegare i same møte.

4. Tillegg til § 10: 1/3 av medlemmene kan krevja skriftleg at ei sak vert ført opp på saklista, jfr. kommunelova §11-3, første ledd, siste setning. Slike krav må sendast ordføraren seinast 10 dagar før eit heradsstyremøte for at saka skal verta ført opp på saklista i det møtet.

Grunngjeving: Dette er ei tydeleggjering av ein rett heradsstyre- representantar har etter kommunelova men med tilsvarande frist som er sett i §20 om interpellasjonar. Det vil gje både ordførar og/eller administrasjon tid til å førebu ei mogleg innstilling eller uttale til saka.

5. Endring i § 10: Stryk frå siste ledd:

Fleirtalet kan likevel vedta at saka vert underkasta ein førebels debatt. Om realitetshandsaming av ei sak på denne måten vert avvist, kan fleirtalet likevel vedta å senda den til rådmannen for førebuing av saka til formannskapet.

Grunngjeving: Historisk har desse setningane ført til lengre debattar der berre eit fåtal av medlemmane er orientert om tema som er til diskusjon, og ordførar har ofte ikkje har hatt moglegheit til å samla noko informasjon for å gje svar. Det er lite tenleg bruk av heradsstyret sin tid. Representantar har fleire andre moglegheiter til å verta høyrte: representantar har høve til å kome med førespurnader i møte.

- Endringsframlegg #4 (lengre oppe) gjev representantar moglegheit til å få inn saker på saklista.
- §19 gjev representantar høve til å senda inn skriftlege spørsmål inntil to dagar før møtet.
- §20 gjev representantar høve til å få opp interpellasjonar til debatt gitt at dei kjem minst ti dagar før møtet.

6. Ny § 14-1: §14-1 Gruppemøte. Kvar parti kan berre be om eitt gruppemøte i kvar sak. Eit gruppemøte kan ikkje vara lengre enn 10 minuttar.

Grunngjeving: Per i dag finst det ikkje nokon moglegheit for ordførar å påverka eller ha kontroll på lengda på gruppemøta, eller talet på gruppemøte partia kallar inn til under eit heradsstyremøte. Det undergrev ordførar sin autoritet som møteleiar jfr. kml. §6-1 og er lite tenleg for framdrifta i møte.

Framlegg om endring/tillegg i reglement for formannskapet

1. Endring i § 2: Overordna planlegging, kommunedelplanar og områdeplanar.

Grunngjeving: Dette innstillingsmyndet er nettopp det vi ynskjer å delegere til Plan- og kommunalteknisk utval og er definert som del av det utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde. Sjå også endringsframlegg #2 i reglement for plan- og kommunalteknisk utval.

2. Endring i § 2: Fjern frå lista:

Politisk organisering og utvalsstruktur

Grunngjeving: Dette bryt med kommunelova §5-7. Heradsstyret har suverent mynde til å styra politisk organisering og utvalsstruktur. Dette kan ein sjå i andre kommunar sine delegeringsreglement, m.a. i Øygarden, Bjørnafjorden og Alver.

Framlegg om endring/tillegg i reglement for plan- og kommunalteknisk utval:

1. Endring i § 2: Setninga: I plansaker vert mynde etter plan- og bygningslova 2008 delegert slik til utvalet, jfr. kommunelova § 10, nr. 2: vert endra til:

I plansaker vert mynde etter plan- og bygningslova 2008 delegert slik til utvalet, jfr. kommunelova §5-7:

Grunngjeving: Noverande tekst viser til gamal kommunelov.

2. Endring i § 2: Følgjande setningar går ut: Arealplanar

Utvalet gir uttale til formannskap/heradsstyre i saker om arealplanlegging (detaljplan, reguleringsplan, områdeplan, kommuneplan) .

Utvalet er høyringsorgan for sektor- og tema- og andre planar innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde, og som skal handsamast i formannskap/ heradsstyre.

og vert erstatta av:

Utvalet er høyringsorgan for sektor- og tema- og andre planar innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde, og som skal handsamast i heradsstyret.

Utvalet skal gje innstilling til heradsstyret i saker som gjeld:

- Overordna plan og utvikling knytt til kommuneplanen sin arealdel (KPA)
- Kommunedelplanar, reguleringsplanar, områdeplanar, detaljplanar m.v.
- Reguleringsaker og arealrelaterte saker
- Trafikksikring
- Landbruk / skogbruk / jakt / fiske / vilt
- Konesjonssøknader, jfr. vassfallrettigheitslova §13 o.a.
- Alle saker etter Plan- og bygningslova 2008, unnateke slutthandsaming av klagesaker
- Klagesaker innan byggesak går til Plan- og kommunalteknisk utval med innstilling til vedtak etter følgjande modell:
- Etter at klagen er motteken vert han handsama administrativt, - Klagen vert deretter send til utvalet med innstilling til vedtak,
- Utvalet vedtek om klagen skal takast til følgje eller ikkje,
- Om utvalet ikkje tek klagen til følgje, vert han send Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Grunngjeving: Ny tekst vert sett inn etter lista med delegerte oppgåver frå plan- og bygningslova og før paragrafen «Klage på vedtak...» Det er fem hovudendringar som er gjort i teksten:

1. Utvalet skal ikkje lengre gje innstilling til formannskapet men direkte til heradsstyret. Utan ei slik endring er utvalet redusert til ein høyringsinstans for formannskapet før det igjen innstiller til heradsstyret, og ei klagenemnd for administrativt handsama byggjesaker. Endringa vil både gje utvalet større ansvar, men også redusere saksmengda i formannskapet.
2. Eventuelle søknader om konsesjon for vassfallsrettar og andre liknande søknader er lagt til i ansvarsområdet. Det er kanskje ikkje mange slike søknader i ein periode men arbeidet høyrer naturleg heime i plan- og kommunalteknisk utval.
3. Trafikksikring er tatt med som arbeidsområde. Osterøy heradsstyre hadde tidlegare ei vegnemnd og etter at den var lagt ned er det mindre merksemd om tema. Heradsstyret er tent med at det er eit fast utval som er ansvarleg for handsaming av trafikksikringssaker enn å måtte oppretta mellombelse arbeidsutval for føremålet (slik det gjorde i desember 2018).
4. Saker som vedkjem landbruk, skogbruk, jakt, fiske og vilt har også tidlegare vore handsama av utvalet men med å leggja desse til skildringa av arbeidsområde er oppgåva formalisert.
5. Den siste delen skildrar og formaliserer modellen for klagesaker. Teksten er skamlaust henta frå tilsvarande reglement i nye Øygarden kommune.

Roald Åge Kleppe, SV, gjorde slikt framlegg om endring i § 14-1 reglement for heradsstyret: "Kvart parti kan berre be om eitt gruppemøte i kvar sak. Eit gruppemøte bør ikkje vara lengre enn 10 minuttar."

Bjarte H. Aarland, KRF, gjorde slikt framlegg: "Tillegg til § 14-1 heradsstyret: "Ekstra tidsbruk må godkjennast av ordførar."

Framlegget vart ikkje røysta over.

AVRØYSTING

H sitt endringsframlegg 1 i § 7 heradsstyret	-	samrøystes vedteke
H sitt endringsframlegg 2 til § 10 heradsstyret	-	samrøystes vedteke
H sitt endringsframlegg 3 til § 10 heradsstyret	-	samrøystes vedteke
H sitt endringsframlegg 4 til § 10 heradsstyret	-	samrøystes vedteke
H sitt endringsframlegg 5 til § 10 heradsstyret	-	samrøystes vedteke
H sitt endringsframlegg 6 til ny § 14-1 heradsstyret	-	fall med 20 røyster (3KRF,2SV,4AP,7FRP,4SP) mot 7 røyster (4H,1MDG,1V,1SP)
H sitt endringsframlegg 1 til § 2 formannskapet	-	vedteke med 14 røyster (1V,1MDG,3KRF,4H,1FRP,2SP,2SV) mot 13 røyster (6FRP,4AP,3SP)
H sitt endringsframlegg 2 til § 2 formannskapet	-	samrøystes vedteke
H sitt endringsframlegg 1 til § PT-utvalet	-	samrøystes vedteke
H sitt endringsframlegg 2 til § 2 PT-utvalet	-	samrøystes vedteke
SV sitt framlegg	-	vedteke med 14 røyster (3SP,1MDG,1V,2SV,3KRF,4H) mot 13 røyster (7FRP,4AP,2SP)

Røysting rekkjefølgje:

Ordføraren gjorde framlegg om først å ta opp til avrøysting om det skal takast inn ein ny § 14-1 i heradsstyrereglementet:

AVRØYSTING

Ny § 14-1 i heradsstyrereglementet	-	fall med 14 røyster (7FRP,4AP,3SP) mot 13 røyster (4H,1MDG,1V,3KRF,2SV,2SP)
------------------------------------	---	--

AVRØYSTING - endeleg

Formannskapet si innstilling med vedtekne endringar	-	samrøystes vedteken (5SP,1MDG,1V,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)
---	---	---

HS - 114/20 VEDTAK:

«Reglement for delegering av mynde til rådmannen vert vedteke slik det går fram i vedlegg til saka. Oppdaterte reglement for heradsstyret, formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg til saka og med slike endringar:

1. I reglement for heradsstyret:

- Fyrste ledd, nest siste setning i §10 i reglementet gjev alt § 7: Endra første ledd, siste setning frå: Avrøysting om lukking av møtet skal skje i ope møte.

til

Avrøysting om lukking av møtet skal skje i ope møte, og heimelen for avgjerda skal opplysast i ope møte før avrøystinga.

2. Tillegg til § 10: Sak som står på saklista til møtet kan berre trekkjast av møteleiaren dersom eit alminnelig fleirtal av dei frammøtte representantane er for dette, jfr. kommunelova §11-3, fjerde ledd.

3. Tillegg til § 10 Sak som står på saklista til møtet men alt er avgjort, kan handsamast på nytt i same møte dersom møteleiaren eller eit alminnelig fleirtal av dei frammøtte representantane er

for dette, jfr. kommunelova §11-12.

4. Tillegg til § 10: 1/3 av medlemmene kan krevja skriftleg at ei sak vert ført opp på saklista, jfr. kommunelova §11-3, første ledd, siste setning. Slike krav må sendast ordføraren seinast 10 dagar før eit heradsstyremøte for at saka skal verta ført opp på saklista i det møtet.

5. Endring i § 10: Stryk frå siste ledd:

Fleirtalet kan likevel vedta at saka vert underkasta ein førebels debatt. Om realitetshandsaming av ei sak på denne måten vert avvist, kan fleirtalet likevel vedta å senda den til rådmannen for førebuing av saka til formannskapet.

I reglement for formannskapet

1. Endring i § 2: Overordna planlegging, kommunedelplanar og områdeplanar.

2. Endring i § 2: Fjern frå lista:

Politisk organisering og utvalsstruktur

I reglement for plan- og kommunalteknisk utval:

1. Endring i § 2: Setninga: I plansaker vert mynde etter plan- og bygningslova 2008 delegert slik til utvalet, jfr. kommunelova § 10, nr. 2:

vert endra til:

I plansaker vert mynde etter plan- og bygningslova 2008 delegert slik til utvalet, jfr. kommunelova §5-7:

2. Endring i § 2: Følgjande setningar går ut: Arealplanar

Utvalet gir uttale til formannskap/heradsstyre i saker om arealplanlegging (detaljplan, reguleringsplan, områdeplan, kommuneplan) .

Utvalet er høyringsorgan for sektor- og tema- og andre planar innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde, og som skal handsamast i formannskap/ heradsstyre.

og vert erstatta av:

Utvalet er høyringsorgan for sektor- og tema- og andre planar innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde, og som skal handsamast i heradsstyret.

Utvalet skal gje innstilling til heradsstyret i saker som gjeld:

- Overordna plan og utvikling knytt til kommuneplanen sin arealdel (KPA)
- Kommunedelplanar, reguleringsplanar, områdeplanar, detaljplanar m.v.
- Reguleringsaker og arealrelaterte saker
- Trafikksikring
- Landbruk / skogbruk / jakt / fiske / vilt
- Konesjonssøknader, jfr. vassfallrettighetslova §13 o.a.
- Alle saker etter Plan- og bygningslova 2008, unnateke slutthandsaming av klagesaker
- Klagesaker innan byggesak går til Plan- og kommunalteknisk utval med innstilling til vedtak etter følgjande modell:
 - Etter at klagen er motteken vert han handsama administrativt, - Klagen vert deretter send til utvalet med innstilling til vedtak,
 - Utvalet vedtek om klagen skal takast til følgje eller ikkje,
 - Om utvalet ikkje tek klagen til følgje, vert han send Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Oppdaterte reglement for innsyn i saksdokument og handtering av spørsmål om gildskap for folkevalde vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlegg saka.

Oppdatert reglement for delegering av mynde frå heradsstyret til formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval vert godkjende slik det ligg føre i vedlegg til saka.»

115/20: Framlegg til endring av struktur i reglement

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Oppdaterte reglement for formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg til saka

25.11.2020 FORMANNSKAPET

Ordføraren, gjorde slikt tilleggsframlegg: "Nytt avsnitt øverst s 2:

Innkalling skal innehalde start- og sluttidspunkt for møtet. Tidsramma for møtet vert stadfesta av heradsstyret under godkjenning av innkalling og sakliste.

Om sakslista ikkje er fullført når sluttidspunktet er passert, vert møtet avslutta når påbyrja sak er ferdighandsama. Resterande saker vert oversendt til neste ordinære møte.

Heradsstyret kan med ordinært fleirtal vedta å gå utanfor tidsrammene sett ved innkalling om dei finn det naudsynt."

Hjalte H. Gislason, H, gjorde slikt tilleggsframlegg: "

Endring 1 i §2 i Reglement for plan- og kommunalteknisk utval:

Setninga:

I plansaker vert mynde etter plan- og bygningslova 2008 delegert slik til utvalet, jfr. kommunelova § 10, nr. 2:

vert endra til:

I plansaker vert mynde etter plan- og bygningslova 2008 delegert slik til utvalet, jfr. kommunelova §5-7:

Endring #2 i §2 i Reglement for plan- og kommunalteknisk utval:

Følgjande setningar går ut:

Arealplanar

Utvalet gir uttale til formannskap/heradsstyre i saker om arealplanlegging (detaljplan, reguleringsplan, områdeplan, kommuneplan) .

Utvalet er høyringsorgan for sektor- og tema- og andre planar innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde, og som skal handsamast i formannskap/heradsstyre.

og er erstatta av:

Utvalet skal gje uttale til heradsstyret i saker som gjeld konsesjonssøknader, jfr. vassfallrettigheitslova §13.

Utvalet er høyringsorgan for sektor- og tema- og andre planar innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde, og som skal handsamast i heradsstyret.

Utvalet skal gje uttale til heradsstyret i saker som gjeld:

- Overordna plan og utvikling knytt til kommuneplanen sin arealdel (KPA)
- Kommunedelplanar, reguleringsplanar, områdeplanar, detaljplanar m.v.
- Reguleringsaker og arealrelaterte saker
- Alle saker etter Plan- og bygningslova 2008, unnateke slutthandsaming av klagesaker
- Klagesaker innan byggesak går til Plan- og kommunalteknisk utval med innstilling til vedtak etter følgjande modell:
- Etter at klagen er motteken vert han handsama administrativt,
- Klagen vert deretter send til utvalet med innstilling til vedtak,
- Utvalet vedtek om klagen skal takast til følgje eller ikkje,
- Om utvalet ikkje tek klagen til følgje, vert han send Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Endring #1 i §2 i Reglement for formannskapet:

Fjern følgjande frå lista:

Overordna planlegging, kommunedelplanar og områdeplanar

Grunngjeving: Dette innstillingsmynde er delegert til Plan- og kommunalteknisk utval av heradsstyret og er definert som del av utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde.

Endring #2 i §2 i Reglement for formannskapet:

Stryk frå lista:

Politisk organisering og utvalsstruktur

Grunngjeving: Dette bryt med kommunelova §5-7. Heradsstyret har suverent mynde til å avgjera politisk organisering og utvalsstruktur.

Endring i §7 i Reglement for heradsstyret:

Endra første ledd, siste setning frå:

Avrøysting om lukking av møtet skal skje i ope møte.

til:

Avrøysting om lukking av møtet skal skje i ope møte, og heimelen for avgjerda skal opplystast i ope møte før avrøystinga.

Tillegg #1 til §10 i Reglement for heradsstyret:

Sak som står på saklista til møtet kan berre trekkjast av møteleiaren dersom eit alminnelig fleirtal av dei frammøtte representantane er for dette, jfr. kommunelova §11-3, fjerde ledd.

Tillegg #2 til §10 i Reglement for heradsstyret:

Sak som står på saklista til møtet men alt er avgjort, kan handsamast på nytt i same møte dersom møteleiaren eller eit alminnelig fleirtal av dei frammøtte representantane er for dette, jfr.

kommunelova §11-12.

Tillegg #3 til §10 i Reglement for heradsstyret:

1/3 av medlemmene kan krevja skrivleg at ei sak vert ført opp på saklista, jfr. kommunelova §11-3, første ledd, siste setning. Slike krav må sendast ordføraren seinast 10 dagar før eit heradsstyremøte for at saka skal verta ført opp på saklista i det møtet.

Endring i §10 i Reglement for heradsstyret:

Stryk setningane:

Sak som ikkje står på sakslista til møtet, kan realitetsbehandlast dersom ikkje møteleiaren eller 1/3 av dei frammøtte representantane er mot dette, jfr. §11-3, femte ledd. Fleirtalet kan likevel vedta at saka vert underkasta ein førebels debatt. Om realitetshandsaming av ei sak på denne måten vert avvist, kan fleirtalet likevel vedta å senda den til rådmannen for førebuing av saka til formannskapet.

Grunngjeving:

Første ledd, nest siste setning i §10 i reglementet gjev representantar høve til å kome med førespurnader i møte.

Førslått tillegg #3 gjev representantar moglegheit til å få inn saker på saklista.

§19 gjev representantane høve til å senda inn skrivlege spørsmål inntil to dagar før møtet.
§20 gjev representantane høve til å få opp interpellasjonar til debatt gitt at dei kjem minst ti dagar før møtet.

Historisk har desse setningane ført til lengre debattar der einast eit mindretal av medlemmane er orientert om tema som er til diskusjon, og ordførar ofte ikkje har hatt moglegheit til å førebu informasjon eller svar. Det er lite teneleg bruk av heradsstyret sin tid.

Ny paragraf §14-1 i Reglement for heradsstyret:

§14-1 Gruppemøte

Kvart parti kan einast be om eitt gruppemøte i kvar sak. Eit gruppemøte kan ikkje vara lengre enn 10 minuttar.

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg	-	Samrøystes vedteke
Ordføraren, sitt tilleggsframlegg mot 3 røyster (2FRP,1KRF)	-	Vedteke, 6 røyster (2AP,2SP,1H,1SV)
Hjalti H. Gislason, H, sine tilleggs og endringsframlegg røyster (1SP,2AP,2FRP,1KRF)	-	fall, 3 røyster (1SP,1H,1SV) mot 6

FS - 111/20 VEDTAK:

Oppdaterte reglement for formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg til saka

Avsnitt øverst s 2:

Innkalling skal innehalde start- og sluttidspunkt for møtet. Tidsramma for møtet vert stadfesta av heradsstyret under godkjenning av innkalling og sakliste.

Om sakslista ikkje er fullført når sluttidspunktet er passert, vert møtet avslutta når påbyrja sak er ferdighandsama. Resterande saker vert oversendt til neste ordinære møte.

Heradsstyret kan med ordinært fleirtal vedta å gå utanfor tidsrammene sett ved innkalling om dei finn det naudsynt.

09.12.2020 HERADSSTYRET

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Slik endring som føreslege av ordføraren vert stroken."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Formannskapet si innstilling	-	18 røyster (5SP,1MDG,1V,2KRF,2SV,3AP,4H)
Formannskapet si innstilling med slik endring som foreslått av FRP	-	9 røyster (7FRP,1AP,1KRF)

HS - 115/20 VEDTAK:

"Oppdaterte reglement for formannskapet og plan- og kommunalteknisk utval vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg til saka.

Tillegg:

Avsnitt øverst s 2:

Innkalling skal innehalde start- og sluttidspunkt for møtet. Tidsramma for møtet vert stadfesta av heradsstyret under godkjenning av innkalling og sakliste.

Om sakslista ikkje er fullført når sluttidspunktet er passert, vert møtet avslutta når påbyrja sak er ferdighandsama. Resterande saker vert oversendt til neste ordinære møte.

Heradsstyret kan med ordinært fleirtal vedta å gå utanfor tidsrammene sett ved innkalling om dei finn det naudsynt."

116/20: Oppdatering av økonomireglement

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Oppdatert økonomireglement vert godkjend slik det ligg føre i vedlegg til saka.

25.11.2020 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

Rådmann sitt framlegg - Samrøystes vedteke

FS - 112/20 VEDTAK:

Oppdatert økonomireglement vert godkjend slik det ligg føre i vedlegg til saka.

09.12.2020 HERADSSTYRET

Aksel Mjøs, H, gjorde slikt framlegg: "Tillegg til pkt. 8.1. Rapportane skal leggjast fram for formannskapet og heradsstyret i første møte etter utgangen av tertialet, om dette ikkje kjem innanfor ein månad.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg om tillegg til pkt 8.1. " Administrasjonen rapporterer om den økonomiske utviklinga tl formannskapet og heradsstyre i kvart møte fram til kommunen er komen ut av Robek lista.

AVRØYSTING

FRP sitt framlegg - vart vedteke med vedteke med 24 røyster (5SP,1V,1MDG,1KRF,1SV,4AP,4H,7FRP) mot 3 røyster (2KRF,1SV)

Høgre sitt framlegg - samrøystes vedteke (5SP,1V,1MDG,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)

AVRØYSTING - endeleg

Formannskapet si innstilling med tillegg

-

samrøystes vedteken

(5SP,1V,1MDG,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)

HS - 116/20 VEDTAK:

"Oppdatert økonomireglement vert godkjend slik det ligg føre i vedlegg til saka og med slike tillegg til pkt. 8.1.:

Administrasjonen rapporterer om den økonomiske utviklinga til formannskapet og heradsstyre i kvart møte fram til kommunen er komen ut av Robek lista

Rapportane skal leggjast fram for formannskapet og heradsstyret i første møte etter utgangen av tertialet, om dette ikkje kjem innanfor ein månad."

117/20: Interpellasjon om sikring av Bruvikvegen

Rådmannen sitt framlegg:

09.12.2020 HERADSSTYRET

Hjalti H. Gislason, H, tok opp følgjande interpellasjon på vegner av seg sjølv, Kjersti Vevatne, V, Sigmund Faugstad, FRP og Aksel Mjøs, H:

Ordførar:

Interpellasjon om sikring av Bruvikvegen

Som kjent gjekk det eit stort steinras på Bruvikveien vest for Kløve fredag 26. november. Når dette er skrivne er det venta at vegen vil vera stengd i fleire veker medan sikring av fjellsida og reparasjon av det seks meter breie holet i vegen pågår.

Sjuande januar i år gjekk det ras ved Hundhamar og Bruvikvegen var stengd i nokre timar. Nokre veker tidlegare - 10. desember - hadde det gått ras same stad med tre og lausmassar i vegen. 24. januar 2018 vart vegen stengd ved Blom grunna ein stor stein som raste ut i vegbana. Ein månad tidlegare (23. desember 2017) var den igjen stengd grunna jord- og steinras i Helleberget, og tidlegare same månad (7. desember 2017) rasa det ut stein og jord på vegen ved Einhamaren. 10. august 2016 vart vegen stengd av eit jord- og steinras på Ytre Hekland og Heklandslia, og det store raset ved Einhamaren 7. september 2015 stengde vegen i to dagar.

Dette er berre ei kort skildring av dei større rasa på vegen dei siste fem åra, i tillegg har det kome mange mindre stein- og jordras men som ikkje er lista opp her.

I fleire av desse rasa er det berre tilfeldig at liv ikkje har gått tapt.

Bruvik grunnkrets talde 259 personar ved årsskiftet. Borna i området har skyss til Haus og Hatland til skule, og i tillegg til hyttefolket har vegen har fått merkbart meir trafikk etter at friluftsfolk har oppdaga Brøknipa og dei andre toppane rundt Bruvikdalen som attraktive reisemål.

Skogvegen over Saksliia er ikkje eit godt alternativ til fylkesvegen, og vegen opp dit er heller ikkje trygg; ref. steinraset i Slotteberget 10. januar i år.

Kan ordførar vera venleg å gjere greie for heradsstyret kva dialog ein har mellom kommunen og vegeigar Vestland fylkeskommune om sikring av vegen? Korleis går kommunen fram for å gjere Statens vegvesen merksam på at skredfaren langs vegen etter alt å døme har vorten høgare enn tidlegare vurdert? Korleis føreslår ordførar at politikarane i heradsstyret kan gå fram for å gjere fylkespolitikarane merksame på at sikring av Bruvikvegen må prioriterast? Eit viktig første steg er å få fram eit faktagrunnlag både på aktuelle løysingar, prioriteringar og overordna kostnadskalkylar.

Vi ber om at heradsstyret tek stilling til om vedlagt brev skal sendast til Vestland fylke.

29. november 2020.

Ordføraren, gav slikt svar:

Først vil eg takka interpellantane for dei tar opp eit så viktig og aktuelt tema.

Kommunikasjonen rundt utbetring av denne vegen skjer hovudsakleg på det politiske plan. Sist det var eit slik initiativ var i 2018 då Heradsstyret gav ordførar i oppgåve å kontakte vegeigar om denne vegen. Det vart utført den gongen. Eg har lagt ved den utvekslinga frå den gongen i saka her.

Vedlegget gjer og eit godt innblikk i korleis slike rassikringsprosjekt vert vurdert og handtert.

Så er det viktig å leggja til at det i år har vore stor aktivitet med rassikring på Bruvikvegen («Merkjesura»). Mange vil hevde at dette er «too little, too late», og det kan eg delvis stilla meg bak. Men det er viktig å ha med seg at prosjektet som i år er utført med rassikring på denne strekka er nok i Osterøyskala rekordstort, og ting står ikkje heilt stille.

Så har Ordførar vore i dialog med Fylkeskommunen om området det nyaste raset gjekk. Eg har der fått informert at det er eit registrert skredpunkt som ligg omlag 100 m vest for dette punktet («Navena»). Dette punktet er planlagt å sikrast, og planen frå fylkeskommunen å strekke dette skredpunktet fram til der dagens ras gjekk slik at heile denne strekka vert sett på lista over skredsikringsprosjekt i Vestland Fylke. Eg legg ved korrespondansen under her.

Så er eg ikkje geolog, og det er ingen geologar som er tilsett her i kommuneadministrasjonen. Korkje eg eller administrasjonen har fagleg kunnskap eller belegg til å hevde at Bruvikvegen er meir rasfarleg enn det dei geologiske undersøkingane som fylkeskommunen og vegvesenet har utført tilseier. Me politikarar kan jobba opp mot desse etatane og peike på den etiske og moralske momenta i kvifor vegen bør sikrast endå betre. Interpellantane ramsar opp ei rekke skred som har skjedd på Bruvikvegen dei siste åra. Eg legg til grunn at alle desse hendingane er meldt til Fylkeskommunen. Så slik sett sit dei med den same informasjonen som me gjer angående hyppigheten rasa har på denne vegstrekningen. Mitt inntrykk er at det desverre ikkje er rasfaren det står på, men heller låg ÅDT og at me bur i eit fylke der det verkeleg må gjerast tøffe prioriteringar når det kjem til rassikringsmidlar. Så kan ein vere ueinige med at t.d. ÅDT skal ha så stor påverknad, men det er no slik systemet er.

Så har ordføraren hatt ein plan og ynskje om at me skal leggja til rette for ein brei og god prosess rundt Regional Transportplan som no snart kjem på bordet. Her har min tanke vore at me skal sende eit tydeleg signal og ei tydeleg prioritering på kva som er viktig for oss inn som høyringsvar frå denne sal. Gjennom regionrådet har ordførar delteke på å lage eit høyringsvar til sjølv planprogrammet til Regional Transportplan. Frå regionen kjem det eit tydeleg signal om at ein må få ned vedlikehaldsetterslepet og ein må sikre liv og helse før ein går inn på store strabasiøse prosjekt.

Elles har ordførarar ymse treffpunkt med både administrativt og kanskje spesielt politisk nivå hjå fylkeskommunen, der han stadig nyttar høve til å løfte saker som er viktige for Osterøy, blant anna Bruvikvegen. No skal det seiast at sidan mars, har desse treffpunkt vorte kraftig reduserte og ein har kanskje ikkje hatt dei same moglegheitane for uformelle treffpunkt ein har hatt tidlegare.

Ordførar tenker uansett at det er eit kollektivt ansvar frå heile det politiske miljøet å få fokus på dei prosjekta som er viktige for oss. Dette gjeld gjennom samtalar og treffpunkt med våre representantar på fylke spreidd i dei forskjellige partigruppene. Men det gjeld og vedtak og signal me kan senda her i frå saman. Difor er eg glad for at interpellantane no gjev eit tydeleg signal om Bruvikvegen. Eg meiner at det no er viktig at me samlar oss om dette brevet som ligg ved i saka her og vedtar forhåpentlegvis samrøystes at me sender inn dette brevet til fylkeskommunen.

Hjalti H. Gislason, H, takka for godt svar og gjorde framlegg om å senda brevet til fylkeskommunen.

AVRØYSTING - ta saka opp til behandling

Ja - samrøystes vedteke
nei - ingen

AVRØYSTING

Oversending av brev - samrøystes vedteke (5SP,1V,1MDG,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)

HS - 117/20 VEDTAK:

"Vedlagt brev i saka vert å senda til fylkestinget."

Andre saker/spørsmål

Johannes M. Bysheim, AP, takka for seg etter 21 år i heradsstyret.

Heradsstyret takka han av med ståande applaus.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Kari L. Mjøs og Jørgen Varden

Lonevåg, 11.12.2020

Bente Skjerping
utvalssekretær